

07/25 Referat frå møte i Strandebarm sokneråd.

Stad: Kyrkjelydshuset

Tid: Torsdag 30.10. Kl.19.00-20.15

Desse møtte: Lenie Hoogerbrugge, Lillian H.Fosse, Tor Håkon Berge, Vetle K.Eide, Jorunn B.Lillefosse, Kjell J.Hoff, Renate B.Nernes (frå sak 53/25).

Forfall: Margun M.Tordal

Tor Håkon leia møtet, og Lillian hadde ord for dagen, dagens tekst frå bibelen.

Sak 50/25: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 25.09.25

Vedtak: Innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøtet 25.09.25 vart godkjent.

Sak 51/25: Meldingar:

- **Det blir oppretta ei sorggruppe i Kvam** som kan dekkja alle 4 sokna. Vetle informerer.
- **Margun** har snakka med, og sendt ny mail til prost Arild Hellesøy med invitasjon til kyrkjejubileet. Me avventar svar.
- **Møte 16.okt. blant soknerådsleiarane.** Tema på møtet var : **1. Planarbeid på alle plan.** Det skal utarbeidast ny trusopplæringsplan som skal omfatta undervisning for heile kyrkjelyden 0-100 år. Dette har vårt sokneråd gjeve Vetle mandat til å utarbeida. **2. Val av samarbeidande misjonsorganisasjon.** Soknerådsleiararmøtet gjekk inn for å starta eit samarbeid med NHS (det norske misjonsselskap) i arbeid på Madagaskar. Sjå mail frå Vetle som blir vidaresendt til dykk. Det medfører då bl.a at ein del av takkoffera i kyrkja går til dette prosjektet. **3.(Ny gudsteneste-forordning) – retta til soknerådsending.** Dette har vore oppe i vårt sokneråd tidlegare, med den konklusjonen at Strandebarm sokn skulle bli verande slik det no er, med eit eige sokneråd. Denne saka ynskjer Margun at alle i soknerådet har i mente, med tanke på nytt soknerådssval om 2 år. Me må diskutera det på nytt og sjå kva mogelegheiter me har for å skaffa kandidatar til ev. nytt sokneråd i 2027. **4. Eitt-åring i kyrkja.** Vikøy sokneråd spør om ein kan få på plass ein eitt-åring i kyrkje-lydsarbeidet vårt, dvs. ein ungdom som jobbar gratis og som ser det som ei oppgåve å vera med å byggja Guds rike og samtidig få erfaring med slikt arbeid. Denne ordninga blei mykje brukt for 20-30 år sidan, men er i gong i enkelte kyrkjelyder i dag også. **5. Offersøknader:** Inger Karin ynskjer at alle sokna set opp offerlister til same tid. Det hadde gjort hennar

arbeid enklare ift. Systematisering. Eg sa at me pleier handsama offerlista før jul, og har tenkt å ta dette opp som sak på møtet i desember.

- **Saldo på orgelkonto** er pr. 21.10.25 **860.943 kr.** Dette er me særst glade for, og ventar no på skriftleg svar frå Sparebankstiftinga Hardanger på søknad om pengestøtte. Det har vore stor vilje i bygda, blant utflytte strandbermarar og spesielt blant privatpersonar og lag, til å gje til føremålet. Oddvar Brakestad er leiar i nemnda og har vore ein god pådrivar i arbeidet, og gjort ein god jobb inn mot bankar.
- **Skyssordning til gudstenester:** Tor Håkon informerer om organisering av denne tenesta.

Vedtak: Meldingane vert tatt til vitande.

Sak 52/25: Framlegg til retningslinjer for bruk av kyrkjelydshuset sine midler.

Vedtak: Strandebarm sokneråd vedtek utkast til retningslinjer som er reviderte av soknerådet i Strandebarm.

Sak 53/25: Renteinntekter på konti som Strandebarm sokneråd disponerer.

Vedtak: Framlegg til vedtak vart vedteke med ei endring.

«Soknerådet vedtek å la renteinntektene for oktober, november og desember 2025, og i tillegg renteinntekter frå og med januar til og med august 2026 på **driftskonti** rådet disponerer, tilfalla jubileumsfeiringa i 2026. Soknerådet vedtek at 4 av takkoffera i gudstenestene vår 2026 går til kyrkjelydsarbeidet.»

Sak 54/25: Økonomisk ramme for programnemnda til kyrkjejubileet-25.

Vedtak: Framlegg til vedtak vert godkjent slik: Soknerådet vedtek at alle måltid som blir servert i jubileumshelga skal vera til sjølvkost. Arrangementa laurdag skal vera gratis og utgiftene blir dekkja av soknerådet. Soknerådet vedtek ei økonomisk ramme på **kr. 40.000,-** som omfattar utgifter laurdag og sundag. Den dekkar også utgifter til innkjøp av utstyr og tenester (m.a monterar til utstillinga, innramming av gamle prestebilde, annonser, blomeståver m.m.)

Sak 55/25. Misjonsprosjekt Madagaskar. Vedta 3 målområde.

Vedtak: Strandebarm sokneråd ynskjer å velja ut desse måla til å samla inn midlar til:

- 1.** Mangarano Psykososiale senter.
- 2.** Inkludering i skolen (Miara Mianatra).
- 3.** Bærekraftig jordbruksutdanning på Madagaskar.

Sak 56/25: Julefest, jan. -26.

Vedtak: Framlegg til vedtak vert godkjent.

Sak 57/25: Dugnad i kyrkja. Måling osv.

Vedtak: Soknerådet går inn for å setja i gong målingsarbeidet, og set opp denne prioriterte lista:

- 1** Kyrkjebenkene. Skjula/få vekk merke etter tape.
- 2.** Søylene i kyrkja.
- 3.** Sitjebenkene langs langveggene inne i kyrkja.
- 4.** Golv inne i kyrkja, spesielt rundt piano.
- 5.** Vegg bak preikestolen og rundt døra til prestesakresti.
- 6.** Gong utanfor prestesakresti og dåpssakresti.

Sak 58/25: Eventuelt

Jorunn Lillefosse

Ref.